



# Månadsbrev September 2016

Hei alle saman!:)

Då kjem haustens første månadsbrev endeleg ut til heimen. Sidan enkelte er heilt nye, samlar me ein del informasjon her i første brev, slik at de veit litt om kva me har gjort, noko om kva me har tenkt og ting som kan vere greit å vite.

## Litt om oppstarten:

August måned gjekk fort. No har det gått vel 3 veker i det nye barnehageåret og me føler at det har vore ein travel men fin oppstart. Dei nye barna har brukt ein del tid på å bli kjent med rutinar, nye barn og vaksne. «Gamle» barn opplever me også er komt fint i gang med barnehagekvardagen. Me har hatt ein del frileik inne og ute, men har også hatt turdag til hytta og Bogatunet med dei eldste barna. Dei yngste har blitt kjent med barnehageområdet så dei kan kjenna seg trygge her, men skal også få vere med på turar etterkvart. Barna har nokre dagar vore inndelt i smågrupper. Nokon har vore ute samstundes som nokon har drive med inneaktivitetar som å laga bilete med maling eller «pynt», pusla, lese eller bygging av diverse(klossar, hytter). Å vere inndelt i mindre grupper, synest me fungerer veldig greitt. Enkeltbarn blir lettare sett, barna finn større ro og dei får ulike erfaringar. Det vil bli fleire grupper i den kommande månaden når me kjem i gang med faste aktivitetar og turdagar. Det vil kvar veke bli **fast turdag torsdagane**. Då må **alle barna ha med seg eigen sekk og matpakke som dei kan bere denne og drikkeflaska si oppi**. På fredagane vil me ha eit varmt måltid og barna skal også få vera medhjelparar her. Me har også eit mål om å ha noko som heiter dialogisk lesing tre dagar i veka, men me vil prøva oss fram før me har komt oss i gang med fulltallige lesedagar. Barna vert då inndelt i faste lesegrupper saman med ein vaksen. Enkelte begrep frå boka vil ein konkretisera og snakka om. Dialogisk lesing er ein ny arbeidsmåte i barnehagen, så me er spente på korleis dette er for oss og barna.

Elles kan me sei at dei pedagogiske leiarane på avdelinga, Bente og Renate, er begge nyutdanna barnehagelærarar og håpar både barn og foreldre kjenner oppstarten har gått greitt. Me treng litt tid for å komme inn i planar, rutinar (o.a.) og håpar de er tålmodige med oss. Det kan vere ting i oppstarten som kan vere annleis enn kva de er vant med, men me vil kvar dag gjere så godt me kan, for at dagane skal bli til det beste for alle. Resten av personalgruppa får me også god støtte frå, så me føler oss trygge på at dette skal gå bra. Ta gjerne kontakt med ein av oss, viss det er noko dykk lurar på eller viss det er noko de saknar i til dømes månadsbrevet som de vil ha med.

## Litt informasjon:

Me ynskjer at alle barn har med seg innesko og brukar desse i barnehagen. Ta gjerne innesko på barna når dei vert levert på morgonen.

Det er mange som er gode på å merka klede, sekkar og sko. Det er kjempeflott!! 😊 Me ser at av og til, kan det dukke opp ein gensar eller ei drikkeflaske på nye stader. Merka klede og utstyr gjer det lettare for oss å få det tilbake til rett eigar.

For at det skal vere lett for vaskedamene å reingjere garderoben, er det fint om de kanta barnas drikkeflasker med heim og **rydde hyllene kvar fredag**. Ta innesko og anna utstyr oppi dei blå kassane. Då får dei også reingjort hyllene. Ta heim alle ytterklær før helga og **sjekk at det er byteklede i kassen** til barnet dykkars. No når hausten bankar på døra, kan det også vere greitt med nokre varmare plagg(ull og fleece) når me er ute kvar dag. Det har vore ein del regnversdagar allereie, og ser at regnkleda og støvlar gjerne må sjekkast kvar dag og takast med heim dersom det er veldig vått. Me plar henga opp ein **lapp ved hylla til barn som manglar bytteklær og bleier(sjå etter denne når de hentar eller leverar)**. For barn som søv, heng lista på yttervegg ved utgangsdøra slik at de kan sjekke sovetida før de går heim.


Nokre av barna likar å ete yoghurt til fruktmåltidet. Nokre foreldre har spurt om det er mogleg å ta med yoghurtar for meir enn ein dag. Me har no sagt at det er greitt å ha med 3 yoghurtar i slengen. Dette for å sikra plass til alle i kjøleskapet.

Me har lyst å merke plassane til barna med namn på foreldra i garderoben. Me tenkte det er kjekt å kunne lære navna til foreldra, samt at det kan vere med å styrke dialogen med barna i det kvardagslege, når dei fortel. Er det nokon som har innvendingar på dette, ynskjer me at du gir oss ei tilbakemelding.

**I september vil det også vere foreldremøte.** Då har me ynskje om at de kan komme med aktivitetsforslag til tema me har tenkt å jobbe med denne hausten; «Nærmiljøet». Det kjem ut eige skriv med dato og innhald når møtet nærmar seg.

**Fødselsdagar i september:** Ingen barn på avdelinga som har bursdag denne månaden.

God september!! 😊



Beste helsing personalet i Austebygd barnehage

| Veke<br>e | Mandag   | Tirsdag  | Onsdag                                    | Torsda<br>g   | Fredag  |
|-----------|--|--|---|---|---|
| 35        |  |  |   | 1<br>Turdag   | 2   |
| 36        | 5<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e                               | 6<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e   | 6<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e  | 7<br>Turdag<br>! Husk<br>niste i<br>eigen<br>sekk.  | 8<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e<br><br>Fredagsgrupper  |
| 37        | 12<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e<br><br>FORELDREMØTE<br>kl.18 | 13<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e  | 14<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e | 15<br>Turdag<br>! Husk<br>niste i<br>eigen<br>sekk. | 16<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e<br><br>Fredagsgrupper |
| 38        | 19<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e                              | 20<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e<br><br>Barna kan ta med<br>seg ein UTELEIKE<br>til barnehagen! | 21<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e | 22<br>Turdag<br>! Husk<br>niste i<br>eigen<br>sekk. | 23<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e<br><br>Fredagsgrupper |
| 39        | 26<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e                              | 27<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e  | 28<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e | 29<br>Turdag<br>! Husk<br>niste i<br>eigen<br>sekk. | 30<br>Dialogisk<br>lesing/Språkgrupp<br>e<br><br>Fredagsgrupper |

